



Helga M.V. Lilleskare og Knut A. Lilleskare  
Stekkevikvegen 37  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/1756 - 15/6319

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
30.03.2015

## Gbnr 45/125 - Avgjerd om å legge bort sak i medhald av plan- og bygningslova § 32-1 - Vikebø i Meland kommune

**Administrativt vedtak. Saknr: 83/2015**

### **SAKSUTGREIING:**

#### **1. Kort om sakens bakgrunn og aktuell situasjon:**

Problemstillinga i saka er om det er grunnlag for Meland kommune til å starte ulovlegheitssak for tiltak på gbnr 25/145 som ikkje tidlegare har vore handsama, jf pbl kap 32.

Saka har ei lengre historikk i Meland kommune som det ikkje vert gjort greie for i detalj her. Denne er kjend for partane og for kontrollutvalet.

Saka gjeld krav frå Helga M.V og Knut A. Lilleskare (her: Lilleskare), heimelshavarar til gbnr 45/131, om «...realitetsbehandling av alt det som er anlagt/oppført i forlengelse av bolighuset sør for terrassedøren på boligen på eiendommen gbn/bnr 45/125 Vikebø i Meland kommune», sjå brev frå Lilleskare dagsett 8.4.2014.

I skrivet frå Lilleskare dagsett 8.4.2014 heiter det vidare [utdrag]:

«Fylkesmannen har i brev datert 05.10.2012, konstatert at ikke noe av dette er søk om løyve for. Fylkesmannen har ytterligere poengert dette i brev datert 29.10.2012. Dette er tiltak som krenker eiendom Gnr/bnr 45/131.

Jeg krever at denne saken blir behandlet etter Plan- og Bygningsloven § 32 slik Fylkesmannen har gitt beskjed om i brev til Meland kommune, datert 12. desember 2013.

[...]

Da jeg ikke har noen tillit til Meland kommune lenger vil jeg at ulovlighetsoppfølging av alt det som er oppført sør for terrassedøren på boligen på eiendommen Gnr/bnr 45/125 blir behandlet av en annen kommune utenfor Nordhordland og da uten innblanding fra Meland kommune sin side».

Askøy kommune har i brev dagsett 14.4.2014 orientert Lilleskare om at saka for deira del er avslutta, og at dei soleis ikkje er tildelt mynde frå Meland kommune til å handsame noko anna enn det dei allereie har gjort, sjå gjennomgangen nedanfor.

Kontrollutvalet i Meland kommune gjorde følgjande vedtak i sak 31/14:

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 25/14 og til purringar frå Fylkesmannen i brev av 12.12.2013 og 26.02.2014 og til Forvaltningslova §11a. Kontrollutvalet viser vidare til brev frå Meland kommune 12.03.2014 og 03.06.2014 og til brev frå Askøy kommune av 10.04.2014 der det mellom anna heiter: «Oppfølging av de øvrige tiltak som er etablert i forlengelse av sørfaasaden på bolighuset vurderes av Askøy kommune til å falle utenfor den myndighet som Askøy kommune er tildelt av Meland kommune.»

Kontrollutvalet bed Meland kommune vurdera saka etter plan- og bygningslova kapittel 32.»

**2. Askøy kommune og Fylkesmannen i Hordaland si handsaming av saka i 2012:**

**2.1. Pålegg om retting:**

Askøy kommune gav 7.3.2012 pålegg om retting og opphør av ulovlig bruk av garasje på gnr 45/125. Rettingspålegget hadde slik ordlyd:

«Med hjemmel i plan- og bygningsloven (tbl) § 32-3 blir dere som eiere pålagt å fjerne garasjeporter på eiendommen gnr. 45 bnr. 125».

Av grunngjevinga for vedtaket kjem det fram at pålegget hadde grunnlag i ei vurdering av at innsetting av garasjepor i åpent rom under terrassen og bruken av arealet under terrassen som garasje/biloppstillingsplass innebar søknadspliktig fasade- og bruksendring etter plan- og bygningslova 1985 § 93 bokstav b og c.

Askøy kommune sin konklusjon vedrørande *fasadeendring* vart oppsummert slik:

«Ut fra dette mener vi det er klart at innsetting av garasjepor i et åpent rom under terrassen innebærer en søknadspliktig fasadeendring siden arealet under terrassen ikke er godkjent som garasje».

Vidare vart konklusjonen vedrørande *bruksendring* formulert slik:

«Etter dette er det tilstrekkelig å konstatere at byggetiltaket er tilrettelagt for andre formål enn det som er godkjent for at en bruksendring skal være søknadspliktig. Siden bygningen, etter innsetting

av garasjeporter, etter vår vurdering ikke er i tråd med det som er omsøkt og godkjent av Meland kommune, foreligger det en bruksendring som ikke er omsøkt etter reglene i plan- og bygningsloven..»

I videre saksbehandling legger vi derfor til grunn at innsetting av garasjeporter og bruk av areal under terrassen innebærer en søknadspliktig fasade- og bruksendring, jf. plan- og bygningsloven § 93.»

I premissane for Askøy kommune si handsaming av saka er følgjande sagt om avgrensning av saka:

«Askøy kommune oppfatter det derfor som klart at vår myndighet i denne saken er begrenset til å gjelde garasjen slik at tiltakene terrasse og trapp faller utenfor denne saksbehandlingen. For at Askøy kommune skal kunne behandle dette, må dette komme klart frem av skriv fra Meland kommune, noe vi mener at det ikke gjør. Videre viser vi til Fylkesmannens oppfatning i skriv datert 20.01.10 der det slås fast at garasjen er søknadspliktig og dermed er ulovlig oppført.»

## 2.2. Klagehandsaming:

Askøy kommune sitt pålegg vart påkla ga, både av eigar av gbnr 45/125 (Vikebø) og eigar av gbnr 45/131 (Lilleskare).

Fylkesmannen i Hordaland handsama klagene i avgjerd dagsett 5.10.12. Fylkesmannen stadfestar Askøy kommune sitt pålegg. Følgjande vurderingar låg til grunn for fylkesmannen sin avgjerd:

«Det er ikkje tvilsomt at garasjer/carport måtte omsøkes i 1990, jf pbl 1985 § 93. Det konkluderer også Meland kommunen med i brev av 08.11.2006. Fylkesmannen kan som utgangspunkt ikke se at bestemmelsene om mindre tiltak i saksbehandlingsforskriften får anvendelse, da bestemmelsen forutsetter at tiltak er i samsvar med plan- og bygningsloven.

Omsøkte tiltak er imidlertid i strid med dagjeldende pbl § 70 nr 2 [krav til avstand frå nabogrense, adm.merknad]. Da kommer heller ikke spørsmålet opp om eventuell muntlig tillatelse er tilstrekkelig for slike tiltak. Avgjørende blir da om tiltaket omfattes av byggetillatelsen fra 1985 slik tiltakshaver viser til. Boligen på eiendommen ble omsøkt i 1985, og tillatelse ble gitt 10.10.1985. På det tidspunkt gjaldt bygningsloven fra 1965 som i stor grad hadde bestemmelser som tilsvarer dagens bestemmelser. Søknaden viste en terrasse som gikk 1,2 m ut fra bygningskroppen. Tiltaket som er bygget er vesentlig større enn dette, slik at Fylkesmannen kan ikke se at garasje/carport av denne størrelsen er omfattet av tillatelsen av 10.10.1985. Der er således ikke vist at tilbygget/utvidelsen som skjedde i 1990 er godkjent av kommunen.

Det blir videre fremholdt at det ikke er søknadsplikt for innsetting av garasjeport. Har man tillatelse til oppføring av garasje, vil innsetting av garasjeport ikke være søknads- eller meldepliktig. Tillatelse til garasje vil også omfatte innsetting av port. Bytting av port vil normalt heller ikke anses for å være fasadeendring. Innsetting av garasjeport i en carport vil som utgangspunkt måtte vurderes annerledes siden bygget da endrer karakter. I denne saken er det ikke gitt tillatelse til carport/garasje, slik at Fylkesmannen går ikke nærmere inn på dette spørsmålet».

I vedtaket av 5.10.2012 kommenterte fylkesmannen anførslane frå Lilleskare om at saka skulle vore handsama som ein byggjesak om oppføring av garasje (alle tiltak sør for terrassedør), og ikkje avgrensa til å gjelde fasade- og bruksendring som skildra ovanfor. Fylkesmannen kommenterte dette slik:

«I denne saken er bare garasjen vurdert. Naboen viser til at alle tiltak sør for terrassedøren må behandles. Det vil være opp til kommunen å også vurdere eventuelle andre ulovlige tiltak på eiendommen, jf pbl § 32-1 der det går frem at kommunen skal forfølge overtredelser av plan- og bygningsloven. Det vil som utgangspunkt være adgang til å dele opp saken ut ifra hva som er mest hensiktsmessig».

### 2.3. Krav om omgjering:

Krav om omgjering av vedtaket dagsett 5.10.2012 frå Vikebø, vart handsama fylkesmannen i brev av 29.12.2012.

Vikebø gjorde gjeldande at fylkesmannen bygde på feil faktum ved avgjerala om å stadfeste påleggget frå Askøy kommune. Frå Vikebø si side vart det gjort gjeldande at garasje/carport var omfatta av løyvet frå 1985, og at dette går fram av teikningane vedlagt søknaden. Vidare vart det vist til epost frå tidlegare kommunalsjef i Meland kommune frå mai 2012, der han uttaler at garasje/carport vart plassert av bygningskontrolløren og var ein del av godkjent bygg.

Fylkesmannen avslo omgjeringskravet med følgjande grunngjeving:

«Det fremkommer ikke av tegninger, søknaden eller tillatelsen fra 1985 at det skal oppføres garasje eller carport. Det er heller ikke gitt tillatelse til oppføring av tiltak nærmere enn 4m fra grensen, jf pbl 1965 § 70 nr 2. Det tilsier at terrassen ikke var godkjent med en slik størrelse som det hevdes i omgjøringsbegjæringen. Det har også formodningen mot seg at kommunen godkjener en terrasse av ukjent størrelse, slik at Fylkesmannen kan ikke se at tegning A kan tolkes dithen at terrassen fortsetter i ukjent lengde videre. Sett i sammenheng med tegning B som viser en terrasse med målsatt avstand 1,2m fra veggliv, må det kunne forventes at det fremgikk av plantegningen (tegning B) at terrassen var større enn dette. Uansett viser ikke innsendte tegninger carport/garasje, men terrasse. Godkjent situasjonsplan viser også et bolighus uten garasje/carport om man ser på størrelsen av det inntegnede bygget. Fylkesmannen finner således å måtte fastholde sin vurdering av at carport/garasje ikke var omfattet av søknad eller tillatelse i 1985.

[...]

Meland kommune skriver i brev av 08.11.2006 at garasjen/carporten skulle vært byggemeldt i 1990, men at man ikke ser det som nødvendig å kreve søknad fot et bygg som har stått i 16 år uten at naboer eller andre har hatt merknader til dette. Kommunen la således til grunn i 2006 at garasje/carport ikke var omfattet av tillatelsen fra 1985. Fylkesmannen fant å kunne legge det til grunn, da dette er synspunkt som er kommunisert utad til tiltakshaver og nabos, og som samsvarer med innsendt søknad og gitte tillatelse i 1985. Synspunkter fra tidligere kommunalsjef i e-poster til tiltakshaver i 2012 kan vanskelig endre Meland kommunes uttalte synspunkt på spørsmålet om det var gitt tillatelse til tiltaket. Dersom kommunen endret sitt synspunkt i forhold til utsendt brev, må det kunne forventes at det gjøres skriftlig slik at også naboer får kjennskap til den endrede vurdering da det var naboer som brakte forholdet inn for kommunen til vurdering.»

## 2.4. Avslutning av ulovlegheitssak frå 2012:

Ulovlegheitssaka vart avslutta ved at eigar av gbnr 25/145 retta seg etter påleggget og fjerna garasjeportane på eigedomen. At saka er avslutta er stadfesta av Askøy kommune ved brev til Meland kommune dagsett 22.11.2012.

### VURDERING:

#### 1. Problemstilling og innleiande merknader:

Problemstillinga er om eigar av gbnr 45/125 har oppført søknadspliktige tiltak utan løyve sør for terrassedøren på bustaden, som ikkje var omfatta av Askøy kommune si handsaming i 2012 slik Lilleskare hevdar, jf ovanfor. Og vidare om det i så fall er grunnlag for Meland kommune til å følgje opp desse tiltaka som ulovlegheitssak etter pbl kap 32, anten fordi det ligg føringar frå fylkesmannen til Meland kommune om slik oppfølging, eller fordi kommunen på sjølvstendig grunnlag vurderer at ein har plikt til oppfølging etter pbl kap 32.

For å ta stilling til dette må kommunen først gjere ei vurdering av kva som vart handsama av Askøy kommune i 2012 etter avtale med Meland kommune.

Av gjennomgangen ovanfor går det fram at Askøy kommune sitt vedtak – både innhald og mandat – gjaldt *garasjen* på gbnr 45/125. På bakgrunn av gjennomgangen ovanfor er det klarlagt at saka for Askøy kommune sin del vart avgrensa til å gjelde bruken av arealet under terrassen til garasje, samt innsetting av garasjeportar.

Resterande del av tiltak sør for terrassedøren på bustaden gjeld då oppføring av terrasse, veggar og trapp (i det følgjande omtalt som *tiltaket*).

*Tiltaket* vart oppført mens pbl 1985 var gjeldande, slik at pbl 1985 må leggast til grunn ved vurderinga av om tiltaket er ulovleg.

Kommunen soleis må ta stilling til er om det er grunnlag for å karakterisere *tiltaket* som ulovleg ut frå dei reglane som gjaldt på oppføringstidspunktet, dvs pbl 1985. Dersom konklusjonen på dette er at *tiltaket* vert vurdert som ulovleg, må kommunen ta stilling til om plan- og bygningslova gjev grunnlag for ulovlegheitsoppfølging i dag, eller om faktum i saka er slik at kommunen ikkje har høve til dette eller kan unnlate dette i medhald av pbl § 32-1, andre ledd. Dersom vurderinga vert at kommunen *kan* unnlate oppfølging i medhald av pbl § 32-1, andre ledd, må det gjerast ei forsvarleg vurdering av om dette *bør* gjerast.

Administrasjonen understrekar at ein ved desse vurderingane ikkje har teke omsyn til spørsmålet om kommunen kan kome i erstatningsrettsleg ansvar ovanfor tiltakshavar eller nabo, dersom ein til dømes treff pålegg om retting, riving eller innsending av søknad for *tiltaket*, eller dersom saka vert lagt bort i medhald av pbl § 32-1.

Administrasjonen oppfattar heller ikkje Meland kommunestyre, kontrollutvalet i kommunen eller Fylkesmannen i Hordaland gjennom tidlegare sakshandsaming har gjeve bindande føringar for desse vurderingane. Administrasjonen har vurdert spørsmålet om ulovlegheit og oppfølgingsplikt på sjølvstendig grunnlag ut frå status i saka i dag. Administrasjonen har vurdert Lilleskare sine påstandar om at Meland

komune er inhabil, men kan ikkje sjå at det er grunnlag for dette, jf fvl § 6. Kontrollutvalet i kommunen har gjort vedtak om at administrasjonen skal vurdere saka etter pbl kap 32, slik administrasjonen gjer ved føreliggjande avgjerd.

## **2. Vurdering av om tiltaket er ulovleg oppført:**

Etter gjennomgang av opplysningane i saka og godkjente teikningar frå vedtaket i 1985, er kommuneadministrasjonen av den oppfatning at *tiltaket* skulle vore omsøkt etter regelverket som gjaldt i 1985, noko som ikkje vart gjort. Tiltakshavar hevdar at kommunen ikkje stilte krav om dette på oppføringspunktet, men tvert i mot at han som tiltakshavar retta seg etter informasjon frå kommunen ved oppføringa. Tidlegare kommunalsjef i Meland kommune har stadfesta desse opplysningane i epost til tiltakshavar sendt 16.5.2012.

Det er ikkje eit krav om subjektiv skuld hos tiltakshavar for å konstatere at eit tiltak er oppført i strid med regelverket. For den del av saka som vart handsama av Askøy kommune og fylkesmannen i 2012, vart det lagt til grunn at kommunen her gjekk ut over sin materielle kompetanse etter lova og at tiltakshavar ikkje kunne bygge rett på dette. På bakgrunn av dette er det administrasjonen si vurdering at også *tiltaket* må verte å vurdere som formelt ulovleg oppført etter regelverket som gjaldt etter pbl 1985. Administrasjonen legg til at ein gjennom saksdokumenta kan sjå at det ligg opplysningar som gjev grunn til å sjå annleis på *tiltaket* i høve til søknadsplikt, enn det som Askøy kommune og fylkesmannen la til grunn vedrørande fasade- og bruksendringssaka i 2012.

## **3. Vurdering etter pbl § 32-1 andre ledd:**

Problemstillinga vidare vert om kommunen skal starte ulovlegheitssak knytt til *tiltaket*, eller om kommunen *kan* og i så fall *bør* unnlate å forfølgje forholdet i medhald av pbl § 32-1, andre ledd. Partane sitt syn på saka er velkjent for kommunen gjennom den korrespondanse som har vore sidan 2006. Saka vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst til å kunne ta stilling til spørsmålet, jf fvl § 17.

Ved vurderinga gjeld noverande plan- og bygningslov kap 32, jf rundskriv H-1/10 frå Kommunal- og regionaldepartementet, der det er uttalt at pbl 1985 skal leggast til grunn ved vurderinga av om tiltak oppført i tidsrommet for denne lova sitt verkeområde er ulovleg, men at pbl 2008 kap 32 kan brukast ved ei eventuell ulovlegheitsoppfølging.

I plan- og bygningslova 2008 § 32-1, første ledd heiter det:

«Kommunen skal forfølge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven».

Sjølv om uttrykket «skal» er nytta om kommunen si plikt til å forfølge ulovlege tilhøve, er lova ikkje meint å skape rettar for andre. Ingen private rettssubjekt, til dømes nabobar, har rettskrav på at kommunen forfølgjer eit ulovleg tiltak, jf rundskriv H-1/10.

Vidare heiter det i pbl § 32-1, andre ledd:

«Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå fra å forfølge ulovligheten.  
Beslutningen om dette er ikke et enkeltvedtak».

Pbl 1985 § 116b nyttar omgrepet «bagatellmessig betydning» for å avgrense kva for overtredelser kommunane kunne avstå å forfølge, medan dagens lov nyttar omgrepet «av mindre betydning». I lovforarbeida til pbl 32-1 er det sagt følgjande om endringa i ordlyden, jf Ot.prp.nr 45 (2007-2008), s 352:

«Av bestemmelsens andre ledd følger den eneste adgang plan- og bygningsmyndighetene har til å unnlate å forfølge ulovligheter. Er overtredelsen av mindre betydning, har myndighetene en diskresjonær adgang til å avstå fra å forfølge ulovligheter. Forslaget avviker fra Bygningslovutvalgets forslag, som foreslo at kommunen bare kunne unnlate å forfølge forhold av bagatellmessig betydning. Begrepet «mindre» innebærer et noe større spillerom for kommunene med hensyn til å velge hvilke ulovligheter som skal følges opp. Når det i andre ledd andre punktum er bestemt at en slik unnlatelse av å forfølge forhold av mindre betydning ikke er et enkeltvedtak, innebærer det at kommunens avgjørelse etter andre ledd ikke kan påklages».

Ei avgjerd om å avstå frå å forfølge eit ulovleg forhold ligg til kommunen sitt frie skjønn. I boka «Plan- og bygningsrett» (O.J.Pedersen m.fl.) er rammene for bruken av pbl § 32-1, andre ledd drøfta. På side 603 er følgjande uttalt:

«En beslutning etter 32-1- annet ledd har en del til felles med politiets adgang til å gi påtaleunnlatelse etter straffeloven § 69. Selv om straffeskylde anses bevist, kan påtale unnlates, såfremt slike særlig forhold er til stede at påtalemyndigheten etter en samlet vurdering finner at overveiende grunner taler for ikke å påtale handlingen. I så fall kan påtalemyndigheten gi en påtaleunnlatelse som er en straffereaksjon etter straffegjennomføringsloven § 30 bokstav f.)»

Og vidare på side 604:

«Det sentrale moment i vurderingen er avvikets betydning for de interesser som plan- og bygningslovgivningen skal sikre. Representerer det et farlig forhold, kan ikke påtaleunnlatelse gis. Et tiltaket i strid med gjeldende plan for arealdisponeringen, vil det være lite rom for påtaleunnlatelse. Men påtaleunnlatelse må kunne anvendes ved mindre overskridelser; for eksempel at tiltaket er plassert noen meter feil, eller at et mindre byggverk er plassert innenfor byggegrensen.»

[...]

«De tilfeller hvor det lettest kan komme på tale med påtaleunnlatelse, er når det egentlig er tale om en nabotvist. Selv om nabointeresser kan være relevante i bygningsmyndighetenes overveielser, vil de ikke ha samme styrke som kjerneinteressene. [...] Det er et sentralt formål med § 32-1 annet ledd å gi bygningsmyndighetene et rettslig grunnlag for å hindre at de blir blandet inn i tvister som i sin kjerne er naboretslige.

Kommuneadministrasjonen vurderer at saka har sitt opphav i ein nabotvist mellom eigarane av gbnr 45/125 og 45/131. I kjernen av denne tvisten ligg etter det kommunen forstår spørsmålet om naudsynt vegutviding mellom eigedomane, påstandar om avtalebrot og ulempe for bnr 131.

Tiltaket vart oppført i 1990, med unntak for oppføring av lelegg og innsetting av garasjeportar, som skjedde i 2005-2007. Det er om lag 25-30 meter mellom bustadene. Deler av trapp på bnr 125 ligg om lag 0,7 meter innanfor grensene til bnr 131. Bustaden på bnr 125 ligg 2 meter frå grense mot bnr 131, medan tiltaket elles ligg ca 0,2 meter frå grensa mot bnr 131 på det nærmeste.

Eigedomsgrenser og plassering av bustaden og *tiltaket* på gbnr 45/125 og 45/131 kjem fram på ortfoto slik:



Lilleskare har tidlegare opplyst, mellom anna i skriv til Meland kommune dagsett 3.2.2008 (dokument 12, sak 06/1376), opplyst at muren på utsida av trappen vart sett opp etter munnleg avtale mellom partane som hadde slikt innhold, jf brev dagsett 3.2.2008:

**«Jarle kan sette opp denne muren, men skulle muren vise seg å være til skade eller ulempe for oss eller vår eidedom, skal den fjernes».**

Og vidare i same skriv:

«Denne muren har i ettertid vist seg å være til både skade og ulempe for vår eidedom og vierett, da spesielt store men også mindre kjøretøy spiser seg inn i svingen. Dette for å unngå Jarle Vikebø sin mur.»

Vidare legg kommunen til grunn at Lilleskare opplever at *tiltaket* samla sett – inkludert rekkverk rundt terrasse og levegg – er til sjenanse/ulempe for bnr 131.

Det sentrale moment for kommunen ved spørsmålet om saka kan og bør leggast bort i medhald av plb § 32-1 andre ledd, er at *tiltaket* og avviket frå byggesaksreglane i 1985 ved oppføring av garasjen ikkje har vesentleg verknad for dei interesser plan- og bygningslova skal sikre. *Tiltaket* ikkje nokon fare, til dømes som følgje av fare for brannsmitte mellom bygningar, og er heller ikkje i konflikt med arealdisponeringsomsyn.

Ved avgjerala legg kommunen vekt på at saka har sitt utspring i ein nabotvist, jf ovanfor, og at tiltakshavar berre i liten grad kan klandrast for å ha oppført *tiltaket* utan søknad. Det vert vist til uttale frå tidlegare kommunalsjef om at *tiltaket* vart oppført etter tilvising frå kommunen. I og med at det heller ikkje var nabomerknader til oppføringa i 1990, kan kommunen vanskeleg sjå at tiltakshavar er vesentleg å laste for at *tiltaket* vart oppført utan søknad i samsvar med 1985-lova.

Ei objektiv vurdering tilseier at ulempene for naboeigedomen bnr 131 er avgrensa, sjølv om kommunen er merksam på at Lilleskare meiner noko anna. Kommunen konstaterer òg at trappen som ligg over eigedomsgrensa til bnr 131, vart oppført etter munnleg avtale med Lilleskare. Kommunen korkje kan eller skal handheve privatrettslege avtalar. Kommunen sitt vedtak inneber ikkje avgjerd av privatrettslege høve og utelukkar ikkje at Lilleskare kan ha eit privatrettsleg krav på erstatning som følgje av krenking av eigedomsgrensen.

På denne bakgrunn konkluderer administrasjonen med at pbl § 32-1 andre ledd gjev heimel for å legge bort saka. Etter ei konkret skjønnsmessig vurdering av tilhøva i saka, den tida som er gått og allereie gjennomført ulovlegheitsoppfølging i 2012, finn administrasjonen vidare at denne heimelen bør nyttast i saka, jf ovanfor.

**AVGJERD:**

«I medhald av plan- og bygningslova § 32-1 andre ledd, treff Meland kommune avgjerd om avstå frå ytterlegare forfølging av oppføring av terrasse, mur, levegg og trapp (tiltak sør for terrassedør) på gbnr 45/125 i Meland kommune. Grunngjeving for avgjerda kjem fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Avgjerda kan ikkje klagast på og inneber at saka for Meland kommune etter pbl kap 32 er ferdig handsama. Eigarane av høvesvis gbnr 45/125 og 45/131 vert underretta ved oversending av denne avgjerd.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Helga M.V. Lilleskare og Knut A.  
Lilleskare  
Jarle Vikebø

Stekkevikvegen 37 5917  
Stekkevikvegen 43 5917

ROSSLAND  
ROSSLAND



Knut Arne Lilleskare

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1756 - 15/8899

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
04.05.2015

## Stadfestning av mottak av brev - Orientering om avslutta sakshandsaming

Administrasjonen stadfester med dette at dykkar skriv av 28. april 2015, nemnd «'garasjesaken på Vikebø' Faktiske faktafeil i Deres brev av 30.03.2015» er motteke og registrert på sak. Kommunen tek dykkar tilbakemelding til orientering.

Administrasjonen opplyser at avgjerdet om å legge bort saka i medhald av pbl § 32-1, andre ledd inneber at sakshandsaminga er avslutta i kommunen. Kommunen har ikkje høve til å endre denne avgjerdet og likevel forfølge det ulovlege tiltaket etter pbl kap 32. Det vert vist til boka «Plan- og bygningsrett» (O.J.Pedersen m.fl., 2. utg.) s 605:

«For bygningsmyndighetene innebærer en beslutning etter § 32-1 annet ledd at saken er ferdig. De kan ikke ombestemme seg og likevel forfølge saken. Naboen kan ikke påklage beslutningen – se Ot.prp. nr 45 (2007-2008) s. 352.»

Administrasjonen tilbakeviser at avgjerdet i skriv dagsett 30.3.2015 inneber eit ugyldig vedtak. Kommunen finn det tilstrekkeleg å vise til grunngjevinga i avgjerdet og kan ikkje sjå at det i dykkar skriv kjem fram avgjerande nye opplysningar som ikkje var kjent for administrasjonen då vedtaket vart gjort.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta i Meland kommune 2015

**Adressa til verksemda:** Postboks  
79, 5906 Meland  
**Tidsrom for tilsynet:** 27. og 29.  
mai 2015

01.07.2015

**Fylkesmannen i Hordaland**

### Samandrag

[1. Innleiing](#)

[2. Omtale av verksemda](#)

[3. Gjennomføring](#)

[4. Kva tilsynet omfatta](#)

[5. Funn](#)

[6. Vurdering av styringssystemet i verksemda](#)

[7. Regelverk](#)

[8. Dokumentunderlag](#)

[9. Deltakarar ved tilsynet](#)

### **Samandrag**

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte 27. og 29. mai 2015 tilsyn med barnevernstenesta i Meland kommune.

Tilsynet omfatta kommunen sitt arbeid med meldingar og tilbakemelding til meldar. Formålet med tilsynet var å undersøkje om kommunen gjennom sin styring og leiing sikrar at meldingar vert forsvarleg handtert og at alle som meldar får tilbakemeldingar om barnevernstenesta sitt arbeid når dei etter regelverket har krav på det.

Det blei avdekt manglar i styring av tenestene og påpekt to avvik:

#### **Avvik 1:**

Munnlege meldingar frå offentleg meldar vert ikkje alltid handsama som melding og det vert ikkje sendt tilbakemelding til meldar i alle tilfelle når lova krev det. Dette er ikkje avdekt av leiinga.

#### **Avvik 2:**

Meland kommune har ikkje sørgja for at tilsette ved barnevernstenesta har fått tilstrekkeleg opplæring om når dei har plikt til å gje tilbakemelding til den som melder.

Dato: 22. juni 2015

revisjonsleiar revisor

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med barnevernstenesta i Meland kommune, 27. og 29. mai 2015. Tilsynet er ein del av det landsomfattande tilsynet med barnevernstenester og den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i Hordaland dette året.

Fylkesmannen i Hordaland er gitt mynde til å føre tilsyn med den kommunale barnevernstenesta, jf. bvl § 2-3, 4. ledd.

Formålet med tilsynet er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei områda tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik som er avdekte under tilsynet og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte

## 2. Omtale av verksemda

Meland kommune er organisert i to-nivåmodell med barnevernstenesta i linje frå rådmann. Barnevernsleiar har sju tilsette som med unntak av ein familierettleiar, jobbar etter ein generalistmodell. Det er barnevernsleiar som har ansvar for å konkludere om melding skal gå til undersøking eller ikkje. Meland kommune er i sterk vekst, med eit innbyggartal på litt under 8000.

## 3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Melding om tilsyn blei sendt ut 16. mars 2015. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmøte blei halde 27. mai 2015. Under tilsynet blei sju personar intervjuat.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag. Sluttmøte blei halde 29. mai 2015.

## 4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet undersøkte om kommunen ved systematisk styring og leiing har lagt til rette for, følgjer med på og om nødvendig gjennomfører endringar slik at

- meldingar til barnevernstenesta blir handtert forsvarleg
- barnevernstenesta gir tilbakemelding til meldar

## 5. Funn

**Avvik 1: Munnlege meldingar frå offentleg meldar vert ikkje alltid handsama som melding og det vert ikkje sendt tilbakemelding til meldarar i alle tilfelle når lova krev det. Dette er ikkje avdekt av leiinga.**

Avvik frå: Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barnevernstjenester § 4 g og h og lov om barnevernstjenester § 1-4 og § 6-7 a

- Munnlege meldingar frå offentleg meldar blir ikkje alltid dokumentert og handtert som ei melding. Meldar vert oppmoda om å sende bekymringa skriftleg, men den munnlege meldinga må uansett handterast som ei melding.

- Det er ikkje innarbeidd praksis for å gje tilbakemelding til privat meldar om at meldinga er motteken.
- Både informasjon frå intervju og funn i stikkprøver i fagsystemet viser at i saker der det er fleire offentlege meldarar, blir det ikkje gitt tilbakemelding til alle som skal ha det.
- Ved tilsynet kom fram opplysningar som tilseier at det ikkje er ein felles praksis for å dokumentere vurderinga av mottekne meldingar. Det er ulik forståing av kva barnevernet skal dokumentere som si vurdering av mottekne meldingar i fagsystemet, og det vert gjort ulikt. Ved stikkprøver i fagsystemet fann vi i dei fleste sakene at dokumentasjonen var for dårlig.
- Det er opplyst i intervju at det oftast ikkje vert sendt tilbakemelding til meldar om igangsett undersøking og om resultatet av undersøking. Det er ikkje avklart kven som har ansvaret for at meldar får den tilbakemeldinga dei har krav på om at undersøking er starta.
- Det blir ikkje vurdert om det er nødvendig at meldar får opplysningar om kva tiltaket går ut på. Dette kan vere nødvendig for at meldar skal kunne utføre sine plikter overfor barnet.
- Ved gjennomgang av 24 meldingar frå offentlege meldarar i perioden 20. august – 31. desember 2014 var det i 18 av dei ikkje gitt tilbakemelding innan tre veker etter at meldinga var motteken. Det var ikkje i nokon av sakene gitt tilbakemelding om at saka var gått til undersøking og om resultatet av undersøkinga.
- Ved gjennomgang av 19 meldingar frå offentlege meldarar i perioden 1. januar – 1. mai 2015 var det i seks av dei ikkje gitt tilbakemelding til offentleg meldar innan tre veker etter at melding var motteken. Det var ikkje i nokon av sakene gitt tilbakemelding om at saka var gått til undersøking og om resultatet av undersøkinga.
- Den skriftlege rutinen om handtering av meldingar er ikkje oppdatert og inneholder vesentlege feil om tilbakemelding til meldar.
- Standardskriv som tenesta nytta ved tilbakemelding til meldar inneholder ikkje opplysningar om saka er gått til undersøking eller om den er henlagt.
- Tilhøve som er omtalt over, er ikkje fanga opp av leiinga ved deira gjennomgang, som dei skal ha for å sjå til om praksis er i samsvar med krav i barnevernslova.

Kommentar:

Det er ingen formkrav til melding til barnevernet. Meldingar kan kome skriftleg, i telefon eller møte, eller ved at meldar møter fram på kontoret. Ved munnleg melding må barnevernstenesta sjølv formulere meldinga.

Ved lovendring i 2009 kom føresegna om tilbakemelding til meldar i barnevernslova § 6-7a.

Hovudregelen er at meldar skal få tilbakemelding om at melding er motteken. Offentleg meldar skal i tillegg få tilbakemelding om det er sett i verk undersøking og om tiltak er sett i verk. I tillegg skal barnevernstenesta vurdere om offentleg meldar skal ha tilbakemelding om kva tiltak går ut på når det er nødvendig for at meldar skal kunne utføre sine plikter overfor barnet. Barnevernstenesta skal også gi tilbakemelding i tilfelle meldinga blir definert som tilleggsopplysning i sak der undersøking er i gang eller der barnet allereie mottek tiltak.

Barnevernstenesta skal også gi tilbakemelding dersom meldinga blir definert som tilleggsopplysning i sak der undersøking er i gang eller der barnet allereie tek imot tiltak.

Kravet til god forvaltingsskikk inneber at det skal vere mogeleg å sjå i saksdokumenta kva faglege vurderingar som ligg til grunn for barnevernstenesta sine avgjerder. Dette gjeld også vurderingane som ligg til grunn for avgjerd om å følge opp eller leggje bort meldingar.

#### **Avvik 2: Meland kommune har ikkje sørja for at tilsette ved barnevernstenesta har fått tilstrekkeleg opplæring om når dei har plikt til å gje tilbakemelding til den som meldar.**

Avvik frå: Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barnevernstjenester § 4 b og c og lov om barnevernstjenester § 1-4, § 2-1 siste ledd og § 6-7 a

- Tilsette kjenner ikkje til, og har ikkje fått tilstrekkeleg opplæring i, kva offentleg meldar har krav på å få opplysningar om. Dette gjeld både om at saka er gått til undersøking, om resultatet av

undersøkinga og om dei tiltak som er sett i verk. Kommunen har ikkje gitt tilbod om opplæring i desse pliktene.

- Leiinga har ikkje avdekkja mangefull kunnskap og opplæring.

Kommentar:

Leiinga har ansvar for at tilsette har nødvendige kunnskapar om endringar i regelverket. Dei tilsette må kjenne til korleis meldar skal få tilbakemelding, kva fristar som gjeld, kva krav som vert stilt til innhaldet i tilbakemeldingane og kven som har ansvar for å gi tilbakemelding.

## **6. Vurdering av styringssystemet i verksemda**

Styring med tenestene (internkontroll) føreset at leiarar følgjer med på eiga verksemd og set i verk førebyggjande og korrigerande tiltak når dette er nødvendig. Kommunen og leiarar har ansvaret for å leggje til rette og ha organisatoriske løysingar som gjer det mogleg for dei tilsette å oppfylle krav i barnevernslovgjevinga.

Det er avdekt manglar ved styringssystemet innanfor det temaet tilsynet omfatta. Ansvarsforhold er ikkje klare og opplæringa har vore mangefull. Leiinga sin gjennomgang og oppfølging av styringssystemet har ikkje avdekkja behovet for opplæring og heller ikkje om rutinar for sentrale arbeidsoppgåver er korrekte, kjende og følgde.

## **7. Regelverk**

- FNs konvensjon om barns rettar av 20. november 1989.
- Lov om barnevernstjenester av 17. juli 1992 nr. 100 (barnevernsloven).
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967.
- Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barnevernstjenester av 14. desember 2005 nr 1584.

## **8. Dokumentunderlag**

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over ved førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart
- Oversikt over tilsette i barnevernstenesta
- Internkontroll for Meland barnevernsteneste
- Rutinehandbok for Meland barnevernsteneste
- Årsmelding for barnevernstenesta 2014
- Strategidokument for kommunalavdeling for helse- og sosiale tenester 2012-2013
- Stillingsomtale for barnevernsleiar
- Stillingsomtale for barnevernskonsulent
- Skriv om meldeplikt til barnevernstenesta
- Årshjul for barnevernstenesta
- Skriv om tverrfagleg konsulasjonsteam
- Retningsliner for arbeidet i basisteam i barnehage
- Skriv om fagdag 11. desember 2014
- Kompetanseutvikling - tiltaksplan 2013-2015
- Liste med oversikt over meldingar til barnevernstenesta 2014

Dokumentasjon som vart gjennomgått i samband med tilsynet:

- Liste med oversikt over meldingar til barnevernstenesta 2015
- Gjennomgang av saker i fagsystemet i barnevernstenesta

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Hordaland:

- E-post med planlegging og avtalar knytt til gjennomføring av tilsynet, program for tilsynet.

## 9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over intervjuar.

Namn	Funksjon / stilling	Oppningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Siv M. F. Midtgård	Barnevernskonsulent	X	X	X
Eli Sagstad	Merkantil	X	X	X
Eva Carlsen	Barnevernskonsulent	X	X	X
Marit Haugland	Barnevernskonsulent		X	X
Bodil Svendsen	Barnevernskonsulent	X	X	X
Kjell Ølnes	Barnevernsleiar	X	X	X
Ingvild Hjelmtveit	Rådmann	X	X	

### Frå Fylkesmannen deltok:

Marianne Hammer, Marianne Lunder Kjelby og Hilde Ordemann, tilsynsleiar



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
03.06.2015  
Dykkar dato  
29.04.2015

Vår referanse  
2015/6219 331.1  
Dykkar referanse  
14/3513

Meland kommune,  
Postboks 79,  
5906 Frekhaug

### MELAND KOMMUNE - BUDSJETT FOR 2015

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2015, vedteke i kommunestyremøte 17. desember 2014. Kommunestyret vil vedta økonomiplanen i denne månaden.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,4 prosent i 2014 til 11,35 prosent i 2015.

#### Frie inntekter

Kommunen har budsjettet med kr. 192.820.000,- i skatt på eige og inntekt for 2015.

I 2014 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 1,9 prosent. Det er i framlegget til revidert nasjonalbudsjett rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 på 4,6 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2014 var 84,5 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2015 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2015 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettet til kr. 389,6 mill.

Inntektsprognosene for 2015 er oppdatert med endelige innbyggjartal pr. 01.01.2015 og innteken kommen skatt i 2014. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2015. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2014.

Dei budsjettete inntektene er om lag kr. 0,7 mill. for høge samanlikna med den siste inntektsprognosene. Denne byggjer på framlegget til revidert nasjonalbudsjett.

Kommunen planlegg budsjettrevisjon med vedtak i kommunestyret denne månaden. Dei frie inntektene i budsjettet må i denne samanheng bli justerte slik at dei blir realistiske.

### **Eigedomsskatt**

Det er budsjettet med kr. 18,6 mill. i eigedomsskatt for 2015. Innkomen eigedomsskatt i 2014 var om lag kr. 23,6 mill.

Eigedomsskatten for 2015 er sju promille på verk og bruk (utgjer kr. 5 ¼ mill.). Eigdomsskatt på bustader og fritidseigedomar er vedteke redusert frå fem promille i 2014 til 3,5 promille i 2015 (utgjer kr. 13,35 mill.).

Dei budsjettete eigedomsskatteinntektene er vurderte som realistiske.

### **Løns- og prisauke**

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2015 er i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2,9 prosent. Prisindikatoren består av pårekna lønsvekst 3,2 prosent og pårekna prisvekst på varer og tenester med 2,4 prosent.

### **Renteinntekter og utbytte**

Renteinntekter og utbytte er budsjettet med til saman kr. 5,5 mill. Utbytte frå BKK er halvert frå 2014 til 2015 og utgjer kr. 3,0 mill. (0,76 prosent av kr. 400 mill.). Utbytte frå Meland Utviklingsselskap AS er ikkje vidareført frå 2014 til 2015.

Dei samla utbytteinntektene er på denne bakgrunn vesentleg reduserte frå 2014 til 2015.

### **Avdrag**

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale lånearvdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege lånearvdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettet med kr. 14,3 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjettete avdraga er reduserte i høve til nivået i 2014, som var kr. 16,1 mill.

Kommunen si netto lånegjeld ved utgangen av 2014 kan reknast til om lag kr. 360 mill. (kr. 411,8 mill. - kr. 51,8 mill.).

Kommunen oppfyller på denne bakgrunn tilrådinga vår når det gjeld ordinært avdragsnivå.

### **Driftsresultat**

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndekning av underskot ).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmere det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Kommunen hadde i 2014 eit netto driftsoverskot med kr. 4,2 mill., eller 2,9 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot blir sett av til styrking av disposisjonsfond. Det var eit rekneskapsoverskot for 2014 med kr. 3,1 mill.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2015 er kr. 5,4 mill. Det er planlagt sett av til styrking av disposisjonsfondet. Netto driftsoverskot utgjer berre 1,1 prosent av driftsinntektene i budsjettet og må bli vurdert som lågt. Redusjonen i netto driftsoverskot frå rekneskap 2014 til budsjett 2015 har samanheng med redusert utbytte og lågare eigedomsskatt.

Kommunane er i tidlegare år tilrådd å ha eit netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene på minst tre prosent, basert på prinsippet om formuebevaring. Momskompensasjon frå investeringar har til og med 2013 vore inntektsført i driftsrekneskapen. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen frå investeringar i staden inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

På denne bakgrunn har Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi i sin rapport frå november 2014 redusert det tilrådde nivået for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, frå tre prosent til 1 ¾ prosent for kommunane generelt ( for fylkeskommunane er det tilrådd eit høgare nivå som følgje av ansvar for tidlegare riksvegar).

Tilrådinga er no knytt til kommunekonsern og ikkje som tidlegare til kommunekasse.

Nivået på 1 ¾ prosent for netto driftsoverskot er eit tilrådd minstenivå frå utvalet. Fylkesmannen si vurdering er at ei målsetjing om eit noko høgare netto driftsoverskot enn 1 ¾ prosent vil vere positivt med siktet på å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Vi ser det som føremålstenleg at kommunane har eit høgare netto driftsoverskot enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å ha buffer til å møta økonomiske utfordringar.

### **Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**

I 2015 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 81,5 mill. Av investeringane er kr. 36,1 mill. til vassverk og avlaup som skal vere sjølvfinansierande gjennom gebyr. Andre investeringar utgjer til saman kr. 45,4 mill. Dei største investeringane er i tilbygg til Grasdalskule og Sagstad skule, samt i utleige- og omsorgsbustader.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Ein mindre del av investeringane blir finansierte med momskompensasjon og bruk av kapitalfond.

Resipientundersøking i sjøområda, kr. 400.000,-, er ført som investering i budsjettet, men vil vere ei driftsutgift.

Det er budsjettert med opptak av startlån kr. 7,0 mill. til vidareutlån. Eigenkapitalinnskot KLP, kr. 0,7 mill., blir i samsvar med regelverket finansiert utan bruk av lån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2013 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til kr. 66.068,- (kommunekassa - ikkje konsern). I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 54.400,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg, og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (kommunekasse - ikkje konsern) si lånegjeld ved utgangen av 2013 var kr. 60.995,-.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2014 er rekna til om lag kr. 411,8 mill., eller kr. 53.200,- pr. innbyggjar.

Kommunen si lånegjeld og gjeldsbelastning kjem til å auka i stor grad i det nærmaste året. Ein del av gjeldsauken er knytt til sjølvfinansierande investeringar.

Kommunen har eit stort utbyggingsbehov, men det er likevel viktig at gjeldsauken ikkje blir for stor i dei komande åra. Gjeldsauken må bli sett i samanheng med at kommunen sine inntekter ligg på eit lågt nivå og er reduserte i år, for ein stor del som følgje av mindre utbytte og lågare eigedomsskatt.

## **Oppsummering**

Dei frie inntektene i budsjettet må bli justerte slik at dei blir realistiske.

Netto driftsoverskot utgjer berre 1,1 prosent av driftsinntektene i budsjettet og må bli vurdert som lågt. Netto driftsoverskot er redusert frå rekneskap 2014 til budsjett 2015.

Kommunen har eit stort utbyggingsbehov. På bakgrunn av eit lågt inntektsnivå, er det likevel viktig at gjeldsauken ikkje blir for stor i dei komande åra.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø  
Sekretariatsleiar for kontrollutval, Postboks 16, 5902 Isdalstø

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 153	15/1804

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2015	Formannskapet	PS	24.06.2015

## Budsjettrevisjon 2015 (FS)

### Saksopplysningar:

#### Revisjon av driftsbudsjettet

Rapportering av driftrekneskap pr 31. mai 2015 (sjå detaljerte kommentarar i vedlegg 1 til sak 83/2015) vert oppsummert med forventa avvik på følgjande område:

1. Skatt og rammetilskot  
Vi får lågare skatteinntekter og skatteutjamningsmidlar enn budsjettet, i hovudsak som følge av nasjonal nedgang i skatteinntekter, men også innbyggjartal Pr 31.12.2014 enn budsjettet. Regjeringa har kompensert for deler av dette gjennom auka rammetilskot, men vi kjem i sum ut ca kr 700.000,- lågare i sum skatt og rammetilskot.
2. Vestbygd skule  
Det er trøng for å styrke bemanninga ved skulen frå hausten 2015. Noko av dette vert dekke inn med overføring av ressursar frå andre skular, men netto reknar dei med å komme ut med meirforbruk på ca kr 400.000,- for året totalt.
3. Husleigeinntektene på PUK  
Desse er budsjettet for høgt, og tenesteområde melder forventa avvik på kr 750.000,- som dei ikkje kan dekke innanfor ramma.

Til saman innber dette eit meirforbruk på kr 1,15 mill på drift, og reduksjon av inntekter på kr 0,7 mill, i sum reduksjon i overskot / avsetning til disposisjonsfond med kr 1,85 mill.

Rådmann har som målsetting å vidareføre ein nøktern drift, og vil arbeide vidare med målsetjing om å oppnå eit rekneskapsresultat innanfor dei opprinnelege rammene sett i budsjettet for 2015, utan å i dag kunne identifisere korleis ein skal klare dette. Ny vurdering av behov for budsjettjustering vil skje i samband med rapportering pr 31.08.2015.

Basert på dette vil rådmann gjere framlegg om følgjande budsjettendringar på drift:

1. Sum av skatteinntekter og rammetilskot vert redusert med kr 0,7 mill. frå kr 389,6 mill til kr 388,9 mill.
2. Utgiftsramma for alle tensteområda som rådmann disponerer vert auka med kr 1,15 mill. frå kr 389,6 mill til kr 399,75 mill.

3. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 1,85 mill frå kr 5,4 mill til kr 3,55 mill.

**Revisjon av investeringsbudsjettet:**

Vedlegg 2 i FS 83/2015 inneholder oversyn over status og kommentarer til alle investeringsprosjekter. Siste kolonne i dette oversynet viser forventa avvik mellom budsjett i 2015 og oppdatert prognose, og desse avvika er grunnlag for dette framlegget til budsjettjusteringar.

Revisjon av investeringsbudsjettet er naudsynt av 3 årsaker:

1. Prosjekt som vart forseinka i 2014, der vi forskyv midlar utan at totalt prosjektbudsjett vert endra.
2. Nye prosjekt som følgje av ny behovsvurdering
3. Prosjekt med meirforbruk

Rådmann gjer framlegg om endring av budsjett på følgjande prosjekt:

**100: IT-utstyr**

Vi vil redusere budsjettet med kr 400.000,- til kr 850.000,- som følgje av overføring av midlar til nytt prosjekt 374 Oppgradering av telefoni på sjukeheimen.

**103: Utbygging breiband**

Tilskot kr 3,1 mill motteke i 2014 er avsett til kapitalfond. Vi må budsjettere med utbetaling av tilskotet i 2015 finansiert med bruk av kapitalfond

**350: Utleigebustader**

Kr 3,1 mill overført frå prosjekt 350 Omsorgsbustader, slik at total prosjektsum vert kr 9,1 mill. Sjå kommentar prosjekt 351.

**351: Omsorgsbustader**

Sjå sak «KS 49/2015 – Busetting av flykningar med bakgrunn i dagens flyktningkrise» og framlegg til budsjettendring der. Budsjett var opprinnelig fastsett til kr 3,1 mill. Ingen endring i dette. Med ein feil i budsjettoppsettet vart mva lagt til investeringssummen, men det vil ikkje påløpe mva i prosjektet. Vi gjer difor framlegg om å redusere brutto investeringssum med kr 775.000,- til kr 3,1 mill, og redusere mva-refusjon med tilsvarende beløp. Netto beløp i prosjektet vert så overført til prosjekt 350 Utleigebustader, slik at dette prosjektet får eit totalbudsjett på kr 9,1 mill.

**373: Meland Sjukeheim – Inventar og utstyr**

Prosjektet opprinnelig budsjettet med kr 600.000,- i 2014. Påløpt kr 202.000,- i 2014, og vi vil budsjettere med resterande sum kr 398.000,- i 2015 for å gjere ferdig dei tiltak som er planlagt gjennomført. Finansiering med lånemidlar

**374: Oppgradering av telefoni på sjukeheimen**

Nytt prosjekt som må gjennomførast for å få ei fungerande telefoniløysning integrert med sjukesignal og alarmsystema på sjukeheimen. Midlar overført frå prosjekt 100.

**460: Tomteareal / kjøp av sentrumsareal Frekhaug**

Budsjettet var opprinnelig fastsett til kr 3,5 mill. Førebels ingen indikasjon på endring. Med ein feil vart mva lagt til investeringssummen i opprinnelig budsjett, men det vil ikkje påløpe mva i prosjektet. Vi gjer difor framlegg om å redusere brutto investeringssum med kr 875.000,- til kr 3.500.000,-, og redusere mva-refusjon med tilsvarende beløp.

**576: Restaurering av orgel**

Budsjettert med kr 387.500,- i 2015. Vert utsett til 2016 og midlane overført til prosjekt 577.

**577: Brannvarslingsanlegg Kyrkja**

Nytt prosjekt, kr 387,500,- midlar overført frå prosjekt 576.

**785: Aggregat Meland Sjukheim**

Prosjektet er i prosjekteringsfasen, kalkyle på kr 3,0 mill inkl. mva. Må finansierast med kr 3,0 mill i auka bruk av lånemidlar og kr 0,75 mill i mva-refusjon. Sjå saksutgreiing i sak KS 55/2015.

**602: Mobilt straumagggregat vassverk**

Prosjektet vert rimelegare enn budsjettert, og budsjettsum vert redusert frå kr 1,0 mill til kr 0,5 mill. Overføring av midlane til prosjekt 659 – Sanering Markavegen.

**604: Momentum selv kostmodell**

Datasystem for berekning av korrekt selv kostrekneskap innan VA og simulering av framtidig avgiftstariffar. Budsjettsum kr 165.000,- finansiert med bruk av kapitalfond.

**635: Resipientgransking sjø:**

Kr 400.000,- budsjettert som investering. Dette må takast over driftsbudsjettet, og midlane vert difor teke ut av investeringsbudsjettet. Overførast til prosjekt 659.

**640: Utslepp Eikeland**

Prosjektet ikkje heilt ferdig i 2014 som planlagt – kr 120.000,- må budsjetterast i 2015. Overføring frå 2014. Totalt prosjektkostnad betydeleg under budsjett.

**653: Orrhøyen 1 – Slamavskillar og utslepp**

Redusert prosjektbudsjett kr 200.000,-, midlane overførast til prosjekt 659 – Sanering Markavegen.

**654: VA-kryssing E39**

Arbeid som må gjerast i samband med vegutbetringa. Prosjektet vil komme i fleire faser, fase 1 er estimert med en kostnad på kr 0,5 mill. Budsjetterer førebels med dette, men ytterlegare auke vil måtte kome seinare. Finansiering med auke i lånemidlar.

**659: Sanering Markavegen**

Prosjektet opprinneleg budsjettert med kr 3,0 mill. Av dette er påløpt kr 1,6 mill. i 2014, og kr 1,4 mill er difor ei forskyving av opprinneleg budsjett i 2014 til 2015. I tillegg får vi ein meirkostnad i prosjektet på kr 1,1 mill. Må difor i 2015 totalt budsjettere med kr 2,5 mill. Overføring av midlar frå andre prosjekt.

**635: Resipientgransking sjø:**

Kr 400.000,- budsjettert som investering. Dette må takast over driftsbudsjettet, og midlane vert difor teke ut av investeringsbudsjettet. Overførast til prosjekt 659.

Følgjande prosjekt innan Vann og Avlaup kjem i gang seinare enn oppsett i budsjettet for 2015, og prosjektbudsjettet vert forskyve frå 2015 til seinare. Dette er og lagt til grunn i investeringsframlegga i økonomiplanen for 2016 – 2019:

600 Vassleidning Ådlandsrågen – Landsvik Reduksjon i 2015 kr 12 mill

601 Fullrenseanlegg Hestdal Reduksjon i 2015 kr 2,5 mill

603 Vassleidning Fløksand – Beitingen Reduksjon i 2015 kr 3,2 mill

662 Avlaupsleidning Holmeknappen – Tveit Reduksjon i 2015 kr 4,7 mill

Sum reduksjonar i 2015 er kr 22,4 mill.

Framlegg til endring kan summerast opp i følgjande tabell:

Budsjettrevisjon 2015 - Investeringsbudsjett					tal i 1000 kr		Oppd. 18.06.2015		
Prosj.	Prosjektnavn	Oppr. budsjett	Revidert budsjett	Endring budsjett	Overføring fra 2014	Omford. prosj. i 2015	Nye midlar 2015	Utsetting frå 2015 til 2016	
		2015	2015	2015					
<b>Ordinære investeringar</b>									
100	It-utstyr	1 250	850	-400		-400			
103	Utbygging Breiband	-	3 100	3 100	3 100				
253	Tilbygg grasdal skule	9 000	9 000						
254	Tilbygg sagstad skule	11 250	11 250						
256	IKT-skular	375	375						
257	Uteområde skulane	250	250						
350	Utleigebustader	6 000	9 100	3 100		3 100			
351	Omsorgsbustader	3 875	-	-3 875		-3 100	-775		
371	Meland sjukeheim, adgangssystem	250	250						
373	Meland Sjukeheim – Inventar og utstyr	-	398	398	398				
374	Oppgradering av telefoni på sjukeheimen	-	400	400		400			
460	Tomteareal	4 375	3 500	-875			-875		
576	Restaurering av orgel	388	-	-388		-388			
577	Brannvarslingsanlegg Kyrkja	-	388	388		388			
750	Veglys Dalemarka	875	875						
751	Veglys Beitingen	1 375	1 375						
760	Asfaltering kommunale vegar	1 063	1 063						
761	Trafikksikring	375	375						
762	Kommunale bygg	1 250	1 250						
778	Gangbru Mjåtveitvegen	1 800	1 800						
782	Ny traktor	875	875						
784	Kantklyppar til traktor	500	500						
785	Aggregat Meland Sjukeheim	-	3 750	3 750			3 750		
786	Ladepunkt El-bilar	313							
910	Avdrag innlån startlån Husbanken	2 323	2 323						
910	Startlån -utlån	7 000	7 000						
929	Eigenkapitalinskot KLP	700	700						
	<b>Sum ordinære investeringar</b>	<b>55 461</b>	<b>60 746</b>	<b>5 598</b>	<b>3 498</b>	<b>-</b>	<b>2 100</b>	<b>-</b>	
<b>Vassverk og avlaup</b>									
600	Vassleidning Ållandsvågen - Landsvik	15 000	3 000	-12 000				-12 000	
601	Fullrenseanlegg Hestdalen	3 000	500	-2 500				-2 500	
602	Mobilt straumaggregat vassverk	1 000	500	-500		-500			
603	Vassleidning Fløksand - Beitingen	6 200	3 000	-3 200				-3 200	
604	Momentum selvkostmodell	-	165	165			165		
635	Resipientundersøking sjøområda	400	-	-400		-400			
653	Orrhøyen 1 – Slamavskillar og utslepp	900	700	-200		-200			
639	Slamavskiljar Orrhøyen II	1 900	1 900						
640	Utslepp Eikeland	-	120	120	120				
654	VA-kryssing E39	-	500	500			500		
659	Sanering Markavegen	-	2 500	2 500	1 400	1 100			
662	Avlaupsleidning Holmeknappen - Tveit	5 200	500	-4 700				-4 700	
663	Separering Grønlandsområdet	2 500	2 500						
	<b>Sum Vassverk og Avlaup</b>	<b>36 100</b>	<b>15 885</b>	<b>-20 215</b>	<b>1 520</b>	<b>-</b>	<b>665</b>	<b>-22 400</b>	
	<b>Sum alle investeringar</b>	<b>91 561</b>	<b>76 631</b>	<b>-14 617</b>	<b>5 018</b>	<b>-</b>	<b>2 765</b>	<b>-22 400</b>	
<b>Endring av finansiering i 2015:</b>									
	Bruk av bundne invest.fond (breiband)	-	3 100	3 100	3 100				
	Bruk av kapitalfond (ubundne invest.fond)	2 700	2 865	165			165		
	Mva-refusjon	7 888	6 388	-1 500			-900		
	Mottatte avdrag startlån	2 323	2 323						
	Bruk av lånemidlar - startlån	7 000	7 000						
	Bruk av lånemidlar	71 650	55 268	-16 382	1 918		3 500	-22 400	
	<b>Sum endring i finansiering:</b>	<b>91 561</b>	<b>76 944</b>	<b>-14 617</b>	<b>5 018</b>	<b>-</b>	<b>2 765</b>	<b>-22 400</b>	

**Framlegg til vedtak:**

Følgjande endringar vert gjort i budsjettet for 2015:

1. Sum av skatteinntekter og rammetilskot vert redusert med kr 0,7 mill. frå kr 389,6 mill til kr 388,9 mill.
2. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmann disponerer vert auka med kr 1,15 mill frå kr 389,6 mill til kr 399,75 mill.
3. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 1,85 mill frå kr 5,4 mill til kr 3,55 mill.
4. Investeringsbudsjettet for 2015 vert redusert med kr 14.617.000,- spesifiserert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av kapitalfond (ubundne investeringsfond) kr 165.000,-
- c. Reduksjon i bruk av lånemidlar: kr 16.382.000,-
- d. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.500.000,-

**Formannskapet - 87/2015****FS - behandling:****FS - vedtak:**

Følgjande endringar vert gjort i budsjettet for 2015:

1. Sum av skatteinntekter og rammetilskot vert redusert med kr 0,7 mill. frå kr 389,6 mill til kr 388,9 mill.
2. Utgiftsramma for alle tenesteområda som rådmann disponerer vert auka med kr 1,15 mill frå kr 389,6 mill til kr 399,75 mill.
3. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 1,85 mill frå kr 5,4 mill til kr 3,55 mill.
4. Investeringsbudsjettet for 2015 vert redusert med kr 14.617.000,- spesifiserert på prosjekt som i tabellen i saksutgreiinga over.

Finansiering:

- a. Auke i bruk av bundne investeringsfond (breiband) kr 3.100.000,-
- b. Auke i bruk av kapitalfond (ubundne investeringsfond) kr 165.000,-
- c. Reduksjon i bruk av lånemidlar: kr 16.382.000,-
- d. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.500.000,-



Til

- Kommunene
- Fylkeskommunene

**Att.:** Ordfører / fylkesordfører  
Rådmann / fylkesrådmann  
Kontrollutvalget  
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse  
Ev. videresending til representanter for valglister til kommune- og fylkestingsvalget

## Valg av kontrollutvalg for perioden 2015–2019

**Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)** er en interesseorganisasjon for kontrollutvalgene i norske kommuner og fylkeskommuner og sekretariatene deres.  
(Kontaktinformasjon: [www.fkt.no](http://www.fkt.no) | [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) | 403 90 775)

**Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)** er en interesseorganisasjon for alle som arbeider med revisjon av kommunal virksomhet og sekretærfunksjonen for kontrollutvalg.  
(Kontaktinformasjon: [www.nkrf.no](http://www.nkrf.no) | [post@nkrf.no](mailto:post@nkrf.no) | 23 23 97 00)

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen. Kontrollutvalget er blitt et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt fokus på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll som tillegg til finansiell revisjon. Det gjør også at kommunestyrene prioriterte utvalget høyere nå enn før. FKT og NKRF ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Utvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi fikk både i 2007 og i 2011 mange meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg, og vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges i 2015. Vi vil også peke på noen aktuelle lovklarer og dokumenter:

- Kommuneloven §§ 77–80
- Forskrift om kontrollutvalg
- KRD, rapport: "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane", av des. 2009
- "Kontrollutvalgsboken, om kontrollutvalgets rolle og oppgaver", av febr. 2011 (en oppdatert utgave kommer senere i høst)
- Rapporten «Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat», KMD desember 2014

### Valg av kontrollutvalg i det konstituerende møtet

Minst ett av medlemmene i kontrollutvalget skal være medlem av kommunestyret eller fylkestinget. Vi minner om at det nå er lovfestet at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører, jf. koml. § 17 nr. 2 (og nr. 3).

### Antall medlemmer i kontrollutvalget

Lovkravet er at det skal være minst 3 medlemmer i kontrollutvalget. Vi anbefaler at kommunene velger minst 5 medlemmer inn i kontrollutvalget. Det er vår oppfatning at det er en helt annen

dynamikk i kontrollutvalg med 5 fremfor 3 medlemmer. Fem medlemmer i utvalget bidrar til bedre debatt og bredere kompetanse i utvalget. Med 3 medlemmer vil utvalget dessuten være svært sårbart ved forfall til møter.

### Hvem kan ikke velges inn i kontrollutvalget?

Kommuneloven § 77 nr. 2 viser hvem som ikke kan velges inn i kontrollutvalget:

*"2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité og fylkestingskomité etter § 10 a og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen."*

Videre er det i § 14 nr. 1 b sagt dette om hvem som er utelukket til å kunne velges inn i kontrollutvalget:

*«b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av enkeltstående virksomheter er likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbare.»*

### Noen det er uheldig å velge inn i kontrollutvalget?

Vi vil peke på noen uheldige rollekombinasjoner som kommunene og fylkeskommunene kan styre klar ved å velge andre personer til kontrollutvalget:

- Kontrollutvalget har et "påse-ansvar" overfor revisjonen, jf. koml. § 77 nr. 4. Vi synes således det er uheldig om kontrollutvalgsmedlemmer samtidig sitter i styret for interkommunale revisjonssamarbeid.
- Kontrollutvalget innstiller i plan for selskapskontroll, og påvirker i stor grad hvilke selskap det skal gjennomføres selskapskontroll i. Kontrollutvalgsmedlemmer som har styreverv i eller har ledende stilling i et av de samme selskapene, er inhabile og skal fratre når utvalget behandler saker vedrørende det aktuelle selskapet, jf. fvl. § 6 første ledd e). Vi mener kommunen unngår rollekonflikter ved å velge andre enn medlemmer av kontrollutvalget inn i selskapsstyret. Dette er et råd for alle selskap der kommunen har eierandeler, men er viktigere jo større det kommunale eierskapet er.

### Skal «opposisjonen» ha lederen i kontrollutvalget?

Det er ikke noe lovkrav at opposisjonen skal ha lederen i kontrollutvalget, men det er mange kommuner som har valgt å ta det inn i kommunalt reglement. I KMD sin «Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat» fra 2014 går det frem at 74 % av kontrollutvalgslederne kom fra opposisjonen i 2012 mens det tilsvarende tallet for fylkeskommunene var 94 %.

For å ivareta kontrollutvalgets legitimitet anbefaler vi at lederen av utvalget velges fra et parti som tilhører «opposisjonen» i kommunestyret.

### Varaordning

Ved valg av vararepresentanter til kontrollutvalget er det vanlig å benytte forholdsvalg, jf. bl.a. kommuneloven § 37 om forholdsvalg.

En bør være oppmerksom på at en felles varamannsliste vil gjøre kontrollutvalget mindre sårbart ved forfall. Da vil det som regel være samme person som stiller i de møtene det er behov for vara. Det er i tilfelle en forutsetning at kommunestyret/fylkestinget gjør enstemmig vedtak. Reglene for dette går fram av kommuneloven § 38a Avtalevalg.

### **Kjønnsmessig sammensetting**

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.

### **Anbefalinger / oppsummering**

1. Husk at kontrollutvalget skal velges på konstituerende møte som første utvalg etter formannskap/fylkesutvalg
2. Sats på et kontrollutvalg med minst 5 medlemmer
3. Husk at minst ett av medlemmene i kontrollutvalget skal velges blant kommunestyre-/fylkestingsmedlemmene
4. Kommunens egne ansatte (uavhengig av stillingsbrøk) er ikke valgbare til kontrollutvalget. Dette gjelder også som varamedlem.
5. Unngå å velge kontrollutvalget sine medlemmer inn i styret i revisjonsselskap
6. Unngå å velge ledere eller styremedlemmer i selskap der kommunen har eierdeler inn i kontrollutvalget
7. Vurder å innføre varaordning i rekkefølge

Til orientering viser vi også til rundskriv H-12/15 Val av formannskap/fylkesutval, ordførar/fylkesordførar, varaordførar m.m. av 3. september 2015 fra Kommunal- og moderniseringssdepartementet.

### **Godt valg!**

FKT og NKRF ønsker kommuner og fylkeskommuner lykke til med valg av kontrollutvalg for perioden 2015-19.

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg i kommunen, som fortjener dyktige medlemmer.

Vi er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg.

Med hilsen

Per Rune Vereide (s)  
Styreleder FKT

Per Olav Nilsen (s)  
Styreleder NKRF

Kopi: Kommunal- og moderniseringsdepartementet og KS